

Baneforklaring til Jemtegård Open 2018

Generelt for banen:

- Campingplassen er OB uansett hol!
- Bekkar og vatn er casual dersom det ikkje er markert som OB for spesifikke hol.
- Ved mykje nedbør kan det bli svært våte myrområder og då kan casual-regelen brukast.
- Dersom disken havnar i store kvisthaugar (gjeld spesielt bålområdet ved utkast 13), kan du bruke casual-regelen. Maskiner, pallar og reiskap er også casual.

Spesifikt for hola (**raud skrift er spesielt for turneringa**):

1. Par 3 55 m. **NB! OB til høgre og på asfalt (turneringsvariant). Må ligge god på 1. kast. Viss ikkje, gå til drop. Elles vanlege OB-reglar.** Bør ikkje bli for lang pga. skummel returputt. NB! Pass trafikken!
2. Par 3 77 m. OB bak korg, som går til venstre og høgre. Hyze eller rett fram.
3. Par 4 119 m. OB i våtområdet. Må over på 1.kast, elles drop. OB vidare ved gjerde på venstre side, langs grøft på høgre side og rett bak korg. Kaste over trea eller gå for opninga.
4. Par 4 132 m. OB ved gjerde langs venstre side. OB går ut i rasområde 7-8 m bak korg. Unngå skogen i midten og krattskogen til høgre. Plasseringskast mot venstreopninga er best.
5. Par 3 64 m. OB i rasområde til høgre. Trongt hol. Litt meir opent på høgre side framme. Putter?
6. Par 3 84 m. Ingen OB. Trongt hol. Meir opent på venstre side framme. Rett fram eller venstre side.
7. Par 4 125 m. OB ved gjerde langs venstre side. Mando til venstre for tre ca 95 m framme. OB-område bak og til venstre for korg, for å skilje holet frå #11 og #12. Plasseringskast bortom kum.
8. Par 3 55 m. Mando til venstre for tre 15 m framme. Høgresving som gjer at du bør vurdere om du skal bort til korg for birdie, med risiko, eller legge opp for par.
9. Par 3 71 m. Blind korg bak stor stein. Legge seg opp før steinen for par eller sjanse for birdie og kanskje rote det til?
10. Par 3 69 m. Mando til høgre for tre 10 m framme. OB bak korg. Svak hyze.
11. Par 3 69 m. Mando til høgre for tre 30 m framme. OB ved gjerde på venstre side. OB på høgre side og bak korg for å skilje holet frå #7 og #12. Klassisk hyze for høgrehendte. Kan gå for ace.
12. Par 3 93 m. OB på kanten av marka på venstre side. OB i bekk til venstre og bak korg. OB også på høgre side, for å skilje holet frå #7 og #11. Nok ein hyze for skummel birdie eller plasseringskast for enkel par?
13. Par 4 117 m. OB i bekken langs høgre sida og nedover bak korga. Plasseringskast for birdie eller går du heilt fram for eagle?
14. Par 3 53 m. Trippelmando ca 10 m framme. Dropp mellom mandotrea. Rett fram.
15. Par 3 61 m. Tett skog på begge sider. Bratt opp til korg. Plassering eller heilt opp?
16. Par 3 72 m. Ingen OB (bortsett frå campingplass). Tør du putte ved haugen eller leggje deg opp?
17. Par 3 32 m. OB-øy. Eitt forsøk frå utkast. Disk må ligge god, viss ikkje, gå til drop 18 m frå korg. Vanlege OB-reglar frå drop. Venstre eller høgre rute. Valet er ditt. Kanskje putte for ace?
18. Par 3 64 m. Ingen OB. Stor høgdeforskjell ved korg og fare for rull. Plasseringskast først?